



# DEN NORSKE KYRKJA

Naustdal sokneråd

## Særutskrift for Naustdal sokneråd

---

Tid: 08.06.2017

Naustdal sokneråd har i møte den 08.06.2017 hatt denne saka til handsaming:

### **2017/28 Høyring av reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte**

#### **VEDTAK**

Soknerådet sluttar seg til framlegg frå saksutgreiing:

2.1.: Direkteval eller kombinasjonsval til bispedømmeråd og Kyrkjemøte.

Vidareføring av den ordning vi har i dag, der det er opp til kvart enkeltbispedømme om ein skal ha direkteval eller kombinasjonsval. Er det ei liste som er framlagd bør det vere kombinasjonsval.

Dersom det er fleire listeforslag, og dermed forholdstalsval, bør valet gjennomførast som direkteval av alle medlemer.

2.2.: Fleirtals- eller forholdstalsval, fristar for nominasjon og innlevering av listeforslag.

Valstyret vel nominasjonsnemnd, det er høve til å stille alternative lister. Alle listeforslag bør ha same innleveringsfrist. Det bør ikkje opnast for suppleringsval.

2.3 Økonomisk tilskot til alternative listeforslag/grupperingar.

Tilskot vert gitt til fellesrådsområde og bispedømme slik det er i dag. Dei som stiller alternative lister kan søke valstyret, innan ein gitt frist, om tilskot. Grupperingar som ynskjer å stille liste til bispedømmerådsvalet kan søke Kyrkjerådet om tilskot.

2.4 Tilleggsstemmer, stemmetillegg, strykingar, sperregrense, m.m.

Fleirtalsval er personval. Det bør difor ikkje vere høve til å kumulere kandidatar då dei som er kumulert vil vere sikra plass. Dette vil minske veljarane sin påverknad på valet.

Vi støttar forslaget om å vidareføre dagens ordning med å avgrense tal på tilleggsstemmer til 3. Det bør ikkje vere høve til å stryke kandidatar.

På valdagen bør ein stemme i det soknet der ein står i manntalet.

7. Krav til kjønnsbalanse på listeforslaga.

Listeforslaga ved val av prestar og lek kyrkjeleg tilsette til bispedømmeråd og Kyrkjemøte skal ha same krav til kjønnsbalanse som listeforslaga for leke medlemer i sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte.

Naustdal sokneråd  
Ellinor Wergeland